



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Vald, overgrep og utviklingshemming- ei kvalitativ studie av det valdsførebyggande programmet, VIP.

Violence, abuse and intellectual disability- a qualitative study assessing the violence preventive program, VIP.

Kandidatnummer: 541

Antal ord: 7374

BSV5-300

Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)/ Institutt for velferd og deltaking /HVL Sogndal/Vernepleie

16.05.2022

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1

Abstract

People with intellectual disabilities have a particularly high risk of being exposed to violence and abuse. The VIP program is a violence prevention program for people with intellectual disabilities. The program provides knowledge about violence and abuse to people with intellectual disabilities, so that they can protect themselves from and identify such incidents. In this study a qualitative method was used. I did interviews where the interviewees were VIP instructors. The results shows why people with intellectual disabilities are particularly vulnerable, what knowledge they have about violence and abuse, and what the violence prevention program VIP can offer the participants.

Forord

Bacheloroppgåva mi har teke føre seg vald, overgrep og utviklingshemming. Oppgåva rettar seg mot seg spesifikt mot VIP-programmet som er eit valdsførebyggande program for personar med utviklingshemming. Eg vil takke rettleiar for at eg fekk moglegheit for å delta i prosjektet som student på Høgskulen på Vestlandet og for god rettleiing gjennom skriveprosessen.

Takk til familie og venar for støtte og motivasjon gjennom oppgåveskrivinga.

Og spesielt takk til medstudentar for godt samhald gjennom mi tid som student ved Høgskulen på Vestlandet.

Innholdsliste

Abstract.....	1
Forord.....	2
1.0 Innleiing.....	4
2.0 Metode.....	8
2.1 VIP-prosjektet	8
2.2 Forkunnskap	9
2.3 Informantar	9
2.4 Datainnsamling	10
2.5 Transkripsjon.....	11
2.6 Analyse og koding.....	12
2.7 Reliabilitet og validitet.....	12
2.8 Etske omsyn.....	13
3.0 Resultat	13
3.1 Sårbarheitsfaktorar.....	13
3.2 Kunnskap om seksualitet, vald og overgrep	15
3.3 Førebygging	16
4.0 Drøfting.....	18
4.1 Sårbarheitsfaktorar.....	18
4.2 Kunnskap om seksualitet, vald og overgrep	20
4.3 Førebygging	21
4.4 Styrkar og svakheitlar	22
5.0 Oppsummering.....	23
6.0 Litteraturliste	24
7.0 Vedlegg	27
7.1 Vedlegg 1, Samtykkeskjema	27
7.2 Vedlegg 2, Intervjuguide	31
7.3 Vedlegg 3, NSD Godkjenning	33
7.4 Vedlegg 4, Koder.....	35

1.0 Innleiing

«Mennesker med psykisk utviklingshemming utsettes for minst like mye vold som befolkningen for øvrig, og er trolig mer utsatt for seksuelle overgrep» (Grøvdal, 2013, s. 13).

Sitatet over er henta frå rapporten *Mellom frihet og beskyttelse?* (2013). Rapporten peiker på ein mogeleg samanheng mellom sårbarheitsfaktorar for vald og overgrep, og menneske med utviklingshemming (Grøvdal, 2013, s. 13). Denne sårbarheita kallar Dahl & Sørensen (2020, s. 21) for risikoutsett. Kven som helst kan på eit tidspunkt vere risikoutsett (Dahl & Sørensen, 2020, s. 21). Til dømes på grunn av ei kognitiv funksjonsnedsetting (Dahl & Sørensen, 2020, s. 38). Det vil seie at ein truleg har større sjans for å bli utsett for vald og overgrep, enn andre. Å vere risikoutsett kan dreie seg om både indre og ytre faktorar (Dahl & Sørensen, 2020, s. 21).

Alle menneske er ulike med forskjellige behov og føresetnader, personar med utviklingshemming er ikkje eit unntak (Grøvdal, 2013, s. 13). Grada av utviklingshemming kan variere frå djup-, alvorlig-, moderat-, til lett grad (NAKU, 2021). Ein nyttar ofte IQ som ein peikepinn under utredning av diagnosen. Dersom IQ-en er under 70, tilsei det at vedkommande kan ha utviklingshemming. Utfordringane eller behovet for støtte skal ha oppstått før ein er myndig (Ellingsen, 2014, s. 22). Kort sagt omfattar dette utfordringar som oppstår under utvikling. Det kan vere sosiale utfordringar, åtferdsvanskar, sein språkutvikling, svekka motoriske ferdigheter, eller andre grunnar som gjer at vedkommande treng ekstra tilrettelegging i kvardagen (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2016).

Når det kjem til seksuelle overgrep, viser ein studie til at behovet for støtte og tilrettelegging i kvardagen kan vere ein sårbarheitsfaktor i seg sjølv (Stobbe et al., 2021, s. 136). Dette hjelpebehovet rettar seg ikkje berre mot at tenesteytarar kan misbruke makta dei forvaltar. Nokre tenestemottakarar har hjelparar eller tenesteytarar omkring seg mesteparten av døgnet (Grøvdal, 2013, s. 88). Dette kan gjere at tenestemottakarar vert sett på som enkle å manipulere eller utnytte, noko som kan medføre auka sårbarheit (Dahl & Sørensen, 2020, s. 22). Studien viser òg til at personar med lett grad av utviklingshemming tilsynelatande er meir risikoutsett for å oppleve vald og overgrep enn andre med utviklingshemming, som har lågare

kognitivt funksjonsnivå (Stobbe et al., 2021, s. 135). I følge Stobbe et al. (2021, s.135) kan dette ha sammenheng med deira kapasitet for deltaking i sosiale samanhengar.

Det finnst mange definisjonar på vald. Eg har valt å bruke Isdal (2000) sin definisjon, fordi handlingane vert retta mot personen som utøver valda og tek opp kva valda kan medføre for den utsette (Isdal, 2000, s. 36).

«Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får den personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil» (Isdal, 2000, s. 36).

Omgrepet vald er komplekst. Det tek ikkje berre føre seg vald av fysisk-karakter, men òg vald av psykisk-karakter. Det er òg nemneverdig at psykisk og fysisk vald kan bli nytta på same tid (Dahl & Sørensen, 2020, s. 60).

Vald med psykisk karakter viser seg ofte gjennom åtferd som tek kontroll over livet til nokon andre. Det kan til dømes dreie seg om å bestemme kven nokon kan vere saman med, å manipulere eller true nokon (Dahl & Sørensen, 2020, s. 61). Dette er vald som kan vere vanskelig å observere hjå den utsette, då den kontrollerer sinnet, ikkje fysikken (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020). I følge Isdal (2000) viser denne typen vald seg ofte i relasjonar der ein står kvarandre veldig nær (Isdal, 2000, s. 49). Fysisk vald er vald der det nyttast fysisk kraft for å skade nokon. Dømer på dette kan vere å bruke makt, halde nokon fast, å kvele, bite, sparke, lugge eller slå (Dahl & Sørensen, 2020, s. 60). I motsetning til psykisk vald kan skadane vere synlege og i verste tilfelle føre til død (Dahl & Sørensen, 2020, s. 61). Likevel er det viktig å nemne at det òg kan oppstå skader etter fysisk vald som er utfordrande å observere. Det kan oppstå psykiske utfordringar, på grunn av påkjenninga det har vore å bli utsett for denne typen vald over tid (Dahl & Sørensen, 2020, s. 60).

Seksuelle overgrep er òg vald, då overgrepet kan innebære både fysisk og psykisk vald (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2018). Dahl & Sørensen (2020, s. 65) meiner det er viktig å ikkje sjå seg blind på at seksuelle overgrep berre omhandlar seksuelle behov frå utøvaren si side. Det kan vere meir komplekst enn som så. Seksuelle overgrep kan også handle om å misbruke eller hemne seg på nokon.

Dermed rettar seksuelle overgrep seg ofte mot både fysisk og psykisk makt (Dahl & Sørensen, 2020, s. 65).

«Et seksuelt overgrep er enhver seksuell eller seksualisert handling som er rettet mot eller omfatter noen som ikke har gitt, eller er i stand til å gi, sitt samtykke til at handlingen finner sted» (Dahl & Sørensen, 2020, s. 64).

Forfattarane tek opp samtykke i sin definisjon av omgrepet. Dersom ein av partane seier nei eller ikkje klarar å uttrykke seg i ein situasjon som kan vere eller er seksuell, kan det kategoriserast som eit seksuelt overgrep (Dahl & Sørensen, 2020, s. 65).

Personar med utviklingshemming har òg framtidsdraumar. Nokre ynskjer seg bil, hus, kjæraste eller ektefelle. Ser ein livet til andre menneske i samfunnet utanfrå, er det dette vaksne folk har. For personar med utviklingshemming kan det vere vanskelig å realisere desse draumane. Dette synet på vaksenlivet kan føre til at ein er utsett for å oppleve vald og overgrep, fordi ein til dømes tenkjer at eit forhold mellom to vaksne menneske må innebere ein seksuell relasjon (Olsen et al., 2020, s. 35). I følge Eknes (2000, s. 322) kan det oppstå utfordringar knytt til seksualitet og utviklingshemming. Mange tenesteytarar planlegg store delar av livet for tenestemottakarar, men gløymer seksualitet som eit behov vedkommande kan ha (Eknes, 2000, s. 322). Forfattaren meiner denne gruppa av tenestemottakarar har behov for opplæring og tilrettelegging, også på dette området (Eknes, 2000, s. 322).

I Noreg lærar dei fleste born om seksualitet og pubertet i skulesamanheng. Personar med utviklingshemming får ofte tilrettelagt undervisning. Dersom dei ikkje får moglegheit til å delta i den ordinære undervisninga, er det vanskelig å seie om dei har fått seksualundervisning og tileigna seg den same kunnskapen (Olsen et al., 2020, s. 31). Brown & McCann (2018, s. 128) har i si forskning undersøkt haldningane personar med utviklingshemming har til seksualitet. I artikkelen kjem det fram eit behov for kunnskap på dette området. I følge forfattarane har denne gruppa eit ønske og behov for mellom anna å lære korleis ein kan ta gode val og bygge trygge relasjonar. Fleire av intervjuobjekta seier dessutan at seksualundervisning er nokon dei ikkje har fått (Brown & McCann, 2018, s. 128).

Forskning viser at personar med utviklingshemming manglar kunnskap om vald og overgrep. Dette kan føre til at personar med utviklingshemming har vanskar med å identifisere vald og overgrep, dermed kan det vere utfordrande å beskytte seg sjølv i truande situasjonar (Wilczynski et al., 2015, s. 9). Åker et al. (2021) etterlyser kunnskapsauke for personar med utviklingshemming om vald og overgrep, for å førebygge at dette problemet vert meir utbredt i Noreg. Saman med Likestillingscenteret, Nok.Hamar, Sekretariatet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har dei sett i gong «Viktig Interessant Person»-prosjektet (VIP). Prosjektet har fokus på valdsførebygging og deltakarane er personar med utviklingshemming. Gjennom programmet får deltakarane kunnskap om vald og overgrep, som kan bidra til førebygging (Åker et al., 2021).

Vernepleiarar som yrkesutøvarar har gjennom utdanninga bygd seg opp særskilt kunnskap om utviklingshemming (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2005, s. 4). Yrkesutøvinga medfører eit ansvar for å ivareta og forvalte lovverk, for å skape trygge og gode rammer for tenestemottakarane (Nordlund et al., 2015, s. 99). Ei av lovene som er sentrale i arbeidet med menneske med utviklingshemming er helse- og omsorgstenestelova (helse- og omsorgstjenesteloven, 2011).

Kommunen skal ha særleg oppmerksomhet rettet mot at pasienter og brukere kan være utsatt for, eller kan stå i fare for å bli utsatt for, vold eller seksuelle overgrep. Kommunen skal legge til rette for at helse- og omsorgstjenesten blir i stand til å forebygge, avdekke og avverge vold og seksuelle overgrep. (helse- og omsorgstjenesteloven, 2011, § 3-3a)

Med heimel i forvaltingslova vert det tenesteytarar sitt ansvar å ivareta denne lova (forvaltningsloven, 1967, § 1). Dermed må vernepleiarar i tillegg til å kunne observere teikn på vald og overgrep, også kunne bidra til førebygging av slike hendingar (helse- og omsorgstjenesteloven, 2011, § 3-3a). Denne oppgåva vil dermed vere av relevans for meg som vernepleiar, for å kunne vere i stand til å ivareta lovverket eg skal forvalte i mi yrkesutøving (Nordlund et al., 2015, s. 99).

Eg ynskjer å tileigne meg meir kunnskap om kvifor personar med utviklingshemming er ei spesielt sårbar gruppe, når det kjem til vald og overgrep. Samt korleis eit valdsførebyggande program som VIP, kan bidra til å førebygge vald og overgrep for denne gruppa. Med bakgrunn i VIP-prosjektet er problemstillinga for denne oppgåva:

«Korleis beskriv VIP-instruktørar kursdeltakarane sin kunnskap om vald og overgrep, deira sårbarheit for å bli utsett for slike handlingar og betydninga av førebyggingsprogrammet VIP?»

2.0 Metode

For å hente inn data, vart det teke i bruk ei kvalitativ metode, i form av semistrukturerte intervju (Tjora, 2021, s. 127). Det vil seie at informasjonen kjem frå at andre menneske deler sine tankar og opplevingar (Jacobsen, 2015, s. 56). Semistrukturerte intervju er synonymt for dybdeintervju (Tjora, 2021, s. 127). Ved bruk av denne typen intervju legg ein til rette for opne samtalar mellom intervjuarar og informantar, og kan dykke under overflata av temaet (Tjora, 2021, s. 128).

I denne oppgåva har eg valt å bruke Stegvis Deduktiv Metode (SDI). Metoden har seks overordna trinn som tek for seg den kvalitative prosessen, frå datamaterialet vart henta inn, til ein ser dette i samanheng med teori (Tjora, 2021, s. 20). I denne delen av oppgåva vil trinn ein til fire komme til syne (Tjora, 2021, s. 21).

2.1 VIP-prosjektet

VIP står for «Viktig Interessant Person». Det er eit valdsførebyggande program som rettar seg mot personar med utviklingshemming. Programmet kjem hovudsaklig frå forskning som er gjort i Australia. Sverige brukte forskinga vidare for å starte opp eit valdsførebyggande program for menneske med utviklingshemming. Noreg har no hengt seg på Sverige og starta VIP. Likestillingssenteret, Nok.Hamar, Sekretariatet og Barne- ungdoms og familiedirektoratet vore sentrale i arbeidet med VIP her i landet. Som eit pilotprosjekt har Likestillingssenteret utdanna instruktørar til VIP-programmet i elleve kommunar. Kommunane utdanna sine instruktørar innan året 2021 var omme (Åker et al., 2021).

På VIP-kursa skal deltakarane med utviklingshemming få auka kunnskap om førebygging av vald og overgrep. Kurset tek for seg tolv overordna tema, som rettar seg mellom anna mot kjensler, grenser og val (Åker et al., 2021).

Tema	Repetisjon
1. Introduksjon	12. Forendring og avslutning
2. Følelser	7. Skyld og skam
3. Forsvar	8. Kommunikasjon
4. Vold	9. Makt og maktesløshet
5. Risiko og valg	10. Verdier
6. Jeg som person	11. Grenser og sikkerhet

Figur 1. Temaer i VIP-kurset (Åker et al., 2021). Brukt med løyve frå forfattar.

Etter gjennomføring av kursa i Noreg, er det sett i gong et forskingsprosjekt for å kartlegge kva effekt det har hatt på deltakarane, korleis instruktørane har opplevd VIP-kursa, samt samarbeidet med dei ulike instansane (Åker et al., 2021). Som student har eg fått moglegheit til å delta i forskingsprosjektet. Mi rolle har innebore å intervjuje instruktørar frå pilotkommunane. Både som ein del av evalueringa av programmet, men òg for å belyse problemstillinga i denne oppgåva.

2.2 Forkunnskap

I yrkeslivet har eg møtt ulike menneske med utviklingshemming. Før den tid, hadde eg ikkje gjort meg opp noko formeining om at førebygging av vold og overgrep var naudsynt for denne gruppa. Eg hadde ikkje reflektert over kva det ville seie å vere risikoutsett, før nokre av tenestemottakarane med utviklinghemming plutselig byrja å fortelle. Dei fortalte om korleis andre menneske hadde trakka over grensene deira, både fysisk og psykisk. Måten dei fortalte om hendingane på var oppsiktsvekkande for meg. Ordlegginga var kvardagsleg og dei var lattermilde. Kroppsspråket tilsa at tenestemottakarane ikkje hadde opplevd hendingane som grenseoverskriding eller overgrep. Deira tolking av hendingane var urovekkande frå min ståstad. Då forstod eg kva det ville seie å vere risikoutsett, og at det sannsynlegvis finnast eit stort behov for eit valdsførebyggande program for menneske med utviklingshemming. Difor vekte det interesse hjå meg då eg fekk høyre om VIP-prosjektet, som tek opp nettopp dette.

2.3 Informantar

Denne delen av prosessen tek for seg steg ein i SDI-metoden. Steget omhandlar utvalstesten, kva vala av informantane var baserte på (Tjora, 2021, s. 21). Dei fem informantane som deltok i intervjuet til denne oppgåva, er instruktørar i VIP-prosjektet.

Instruktørane hadde bygd seg opp særskilde erfaringar og kunnskap som kurshaldarar. Dermed tilsa posisjonen deira at dei kunne gi oss relevant informasjon, gjennom semistrukturerte intervju (Tjora, 2021, s. 145). Ettersom at denne oppgåva er ein del av eit større forskingsprosjekt, var informantane rekruttert, kontakta og informert på førehand. To av informantane er utdanna helsefagarbeidarar, ein av dei med vidareutdanning i psykisk helsearbeid. Begge hadde arbeidserfaring med menneske med utviklingshemming. Den tredje informanten er sjukepleiar, tilsett i habiliteringstenesta. Fjerde informant jobba som miljøterapeut i eit bufellesskap for personar med autisme. Femte informant er utdanna vernepleiar.

Vidare i analysearbeidet vert data frå to av intervjua brukt. Grunnlaget for dette valet er at det leggst opp til ei empirinær og detaljert koding i SDI-metoden, noko som er tidkrevjande (Tjora, 2021, s. 219). Innanfor ramma av denne oppgåva har eg i samarbeid med rettleiar vurdert at koding og analyse frå to intervju gir tilstrekkeleg med data for å belyse problemstillinga mi. Dei to intervju som vert brukt i analysearbeidet og dannar grunnlag for resultata, er intervjuet med sjukepleiaren som var tilsett i habiliteringstenesta. Informanten vert omtalt som «informant 1» vidare i oppgåva. Det andre intervjuet er henta frå helsefagarbeidaren med vidareutdanning i psykisk helsearbeid, som er «informant 2». Informant 1 hadde teke opplæring som instruktør, men stod i hovudsak for koordineringa av VIP i si kommune. Informant 2 hadde gjennomført to kurs, eit for kvinner og eit for menn.

2.4 Datainnsamling

I samarbeid med ein medstudent, gjennomførte eg fem semistrukturerte intervju. Før intervju fann stad fekk informantane tilsendt samtykkeskjema (vedlegg 1) og den endelige intervjuguiden (vedlegg 2). Guiden inneheldt spørsmål med rom for oppfølgingsspørsmål. Grunnlaget for bruken av intervjuguide var å gjere intervju så organiserte som mogeleg, for både intervjuarar og informantar (Tjora, 2021, s. 167). Lengda på intervju var rundt ein klokke time. Sjølv om dette var dybdeintervju der vi ønska å ha ei samtale med rom for avsporingar og utdjupingar, prøvde vi å balansere dette med den oppsette tida. Ettersom at informantane fekk tilsendt spørsmåla i forkant, hadde dei førebudd seg på å svare innanfor tidramma. Det vart vårt ansvar som intervjuarar å hente inn relevant informasjon, innan den disponible tida (Tjora, 2021, s. 172).

Intervjusituasjonen fann stad over kommunikasjonsplattforma «Teams».

Kommunikasjonsplattforma var ei god erstatning for eit intervju i røynda, då begge partar brukte kamera slik at vi kunne sjå kvarandre (Tjora, 2021, s. 183). Dette gav informantane moglegheit til å delta frå ein valfri stad, der dei kunne kjenne seg rolige og klare til å fortelle (Tjora, 2021, s. 135). Intervjua vart tekne opp med videooptakar i teams og lagt direkte i forskingsserveren til Høgskulen på Vestlandet. Dette førte til at vi som intervjuarar kunne vere direkte deltakande under samtalen, utan for mykje fokus på å notere (Tjora, 2021, s. 180).

2.5 Transkripsjon

Transkripsjonane vart gjort i kort tid etter at intervjua fann stad. Det var eit bevisst val ettersom at det var lettare å hugse korleis informantane uttrykte seg, medan vi framleis hadde det friskt i minnet. Dermed minska det risikoen for å miste den raude tråden mellom intervjua og transkripsjonane (Tjora, 2021, s. 186). Ettersom at vi brukte videooptak, følgde vi rådet til Aksel Tjora om grundig transkripsjon (Tjora, 2021, s. 185). Det var utfordrande å sette rammer for kor mykje ein skulle inkludere, og kva ein eventuelt burde utelate frå intervjua. Vi blei einige om å transkribere ord for ord, og skreiv difor så nært som mogeleg det informantane fortalde. Dette vart gjort fordi vi på dette tidpunktet ikkje var sikre på kva informasjon vi ville finne relevant seinare i prosessen. Pausar og ord som tilsa at informantane eller intervjuarane tenkte, vart utelatt for å skape samanheng i setningane (Tjora, 2021, s. 185). Med bakgrunn i etiske omsyn, som attkjenning av informantar og av praktiske årsakar, vart målforma på transkripsjonen omgjort frå dialekt til skriftsråket nynorsk. Informantane hadde likevel nokre engelske uttrykk og dialektord som var vanskelige å få tak på, dersom dei vart omsett. Difor vart det gjort vurderingar undervegs på relevans. Arbeidsplassar og personlege opplysningar som kom fram, vart òg skrivne om til mellom anna «mi kommune», i staden for å dele opplysningar om kvar dei fann stad (Tjora, 2021, s. 186). Vi gjennomførte no steg to i SDI-metoden, der ein behandla informasjonen ein innhenta og klargjorde for neste steg, koding (Tjora, 2021, s. 21).

2.6 Analyse og koding

Transkripsjonane vart koda for å gjere datamaterialet mindre omfattande, og samstundes hente ut tyngda av informasjonen (Tjora, 2021, s. 218). Dei ulike kodane vart sett inn i ein oversiktlig tabell (Vedlegg 4). Sjølv om tyngda av informasjonen vart henta ut, var utforminga av kodene direkte og presis, for å ikkje miste viktig informasjon. Poenget med denne delen av analysen er ikkje å luke ut data, men å gjere materialet i ein mindre versjon (Tjora, 2021, s. 218). Analysearbeidet resulterte i 234 koder. Kodane delte eg vidare inn i ulike grupper. Koder frå same gruppe omtalte det same temaet. Til slutt stod det att sju kodegrupper. Sårbarheitsfaktorar, førebygging, utfordringar, kjønnsfordeling, samarbeid, kunnskap om seksualitet- vald og overgrep, og ei restgruppe. Tre av desse gruppene viste særskilt relevans for problemstillinga i denne oppgåva. Dermed vert sårbarheitsfaktorar, kunnskap om seksualitet- vald og overgrep, og førebygging, vidare brukt i som resultat. Resultata vart sett opp mot relevant forskning og teori i denne oppgåva. Dette arbeidet var steg tre og fire av SDI-modellen, der koder blir ført inn i grupper (Tjora, 2021, s. 21).

2.7 Reliabilitet og validitet

Validitet og reliabilitet er omgrep som rettar seg mot å kvalitetssikre materialet ein har innhenta (Tjønndal & Fylling, 2021, s. 19).

Problemstillinga for denne oppgåva tek føre seg korleis informantane opplev deltakarane si sårbarheit for å oppleve vald og overgrep, kunnskap om seksualitet- vald og overgrep, og korleis VIP-programmet kan bidra til førebygging. Kvalitative intervju er godt eigna for å svare på ei slik problemstilling. Prosessen er beskrive heilt frå rekruttering av informantar, intervjusituasjonen, transkripsjon, til koding og analyseringa av intervjuet, som vidare leia til resultata for denne oppgåva (Tjora, 2021, s. 260).

Eg har anstrengt meg for å vise transparens gjennom å beskrive mi forståing, som har betydning for dei vala eg har teke i alle delar av prosessen. Detaljerte beskrivingar og metodiske refleksjonar bidreg til å auke reliabiliteten og validiteten i denne oppgåva (Tjora, 2021, s. 263).

2.8 Etiske omsyn

Både før, under og etter intervjuet var det etiske omsyn vi som intervjuarar måtte informere om (Tjora, 2021, s. 187). Før intervjuet vart gjennomført vart det sendt inn søknad til Norsk senter for forskingsdata (NSD, 509154). Vedlagt i søknaden ligg intervjuguiden vi som deltakande studentar hadde utforma saman med prosjektleiar. Dette var svært viktig å gjere, med tanke på bruken av video og lyd-opptak (Tjønndal & Fylling, 2021, s. 150). Etter godkjenning frå NSD (vedlegg 3), sendte vi informantane samtykkeskjema og avtalte tidspunkt for intervju. Informantane signerte og sendte dokumentet tilbake til oss (Tjønndal & Fylling, 2021, s. 149).

Under intervjuet vart informantane i tillegg bede om å bekrefte samtykke munnleg for deltakinga deira. Som informant kan ein kanskje tenkje at heile intervjuet avhenger av informasjonen ein gir, eller at ein øydelegg oppgåva til studentane dersom ein trekk seg eller ikkje deler visse opplysningar. Kanskje var det opplysningar informantane ønska å gi oss, men ikkje turte å gi, grunna teieplikta. Difor var det nokre ting vi informerte om før vi starta det offisielle intervjuet. At det vart gjort opptak, men dette vart lagt direkte i forskarserveren til Høgskulen på Vestlandet og sletta frå våre private datamaskiner, saman med samtykkeskjemaet dei hadde signert. Dersom dei hadde opplysningar dei ville gi oss som dei ikkje ønska skulle bli tekne opp og transkribert, kunne dei be oss om å pause opptaket. Vi ønska òg at dei skulle vere klar over at dei har kontrollen i intervjuet. Noko som medførte at dersom dei vil avslutte intervjuet, har dei sin fulle rett til dette (Tjora, 2021, s. 188). Av etiske omsyn kjem ingen personopplysningar fram i oppgåva. Gjennom transkripsjon vart innhaldet i intervjuet anonymisert (Tjora, 2021, s. 190).

3.0 Resultat

Analysearbeidet resulterte til slutt i tre kodegrupper, som er temaa i denne delen av oppgåva. (1) Sårbarheitsfaktorar, (2) Kunnskap om seksualitet, vald og overgrep og (3) Førebygging. Funna frå temaa vert presentert her.

3.1 Sårbarheitsfaktorar

Alle menneske har rett til å ikkje oppleve vald eller overgrep (Informant 1).

Begge informantane hadde ei formeining om at menneske med utviklingshemming er i ein sårbar posisjon, for å bli utsett for vald og overgrep. I intervjuet reflekterte informantane over dei komplekse faktorane som påverkar sårbarheita.

Informant 1 tok opp hjelpebehovet personar med utviklingshemming ofte har, som ein påverkande faktor.

At heile livet ditt. Altså til dømes eit normalt born er jo avhengig av hjelp og støtte frå det er nyfødd også veks det og vert meir sjølvstendig og til slutt flyttar det ut, helst før det er tretti. Når det kjem til tenestemottakarar i habilitering so opplev dei aldri dette. Dei får aldri den fulle sjølvstenda for dei er avhengige av noko form for støtte heile livet. I den eigentlege manglande prosessen der er det nokre grenser som aldri vert etablert eller som aldri vert viska ut (Informant 1).

Informant 2 retta sårbarheita mot ytre faktorar, som at det kan dreie seg om overgriparen sin posisjon og tankegang.

Eg trur det går på overgriparen, uansett kva type vald dei vert utsett for, er at dei veit eller ser at dei er lette offer. Det er lett å gå til angrep eller gå til nokon som, dei fleste fordi om dei har lett utviklingshemming så er det ikkje så veldig lang tid før dei avslørar at dei kanskje ikkje er som alle andre (Informant 2).

Informanten legg til at overgripar ofte er i nær relasjon med den utsette. Ein trygg person som vedkommande lit på.

Den kognitive funksjonsnedsettinga som utviklingshemming medfører er også noko informantane påpeikar som ein sårbarheitsfaktor. Informant 1 meiner funksjonsnedsettinga kan gjere personar med utviklingshemming lettare å overtale og manipulere. Informant 2 fortel at nokre av tenestemottakarane til informanten kunne blitt med ukjende personar heim, fordi vedkommande sa at hen elska tenestemottakaren. Informanten understrekar at det er uvanleg å uttrykke seg slik etter første møte. Og at dømet viser til at sårbarheita er eit faktum i slike situasjonar. Det kognitive funksjonsnivået til deltakarane i VIP-kurset til informant 2 varierte. Informant 1 seier at instruktørane satt saman gruppene på kursa ut frå kognitivt funksjonsnivå. Dette vart gjort slik at informasjonen skulle vere forståelig for deltakarane.

Informantane fortalte at instruktørane forklarte deltakarane at det finnst ulike typar vald og overgrep. Informant 2 seier deltakarane ikkje visste eller forstod at det finnes andre typar vald og overgrep enn berre seksuelle overgrep. Det kan til dømes dreie seg om økonomisk vald. Frå informanten sitt synspunkt verka vald å vere eit skummelt tema for deltakarane å snakke om. Informant 1 hadde same formeining om reaksjonane rundt informasjonen deltakarane fekk om vald og overgrep. Informanten fortell at under kurset informerte dei om at det finnst mellom anna økonomisk vald, og at nokon kan bruke funksjonsnedsettinga til ulempe for deltakarane. Dette var overraskande for mange.

VIP- kurset kan ifølge informantane gi deltakarane informasjon om kva rettigheter dei har som menneske, kva vald og overgrep er, dei ulike formene som finnst for vald og overgrep, og gi informasjon som deltakarane kan ha mista eller gått glipp av i utviklinga til å verte eit vakse menneske. Slik meinte informantane at VIP-kurset kan bidra til førebygging på dette området.

Grunnen til at eg tenkjer dette hjelp er fordi vi går gjennom ting som er so sjølvsgagt for mange, men som ikkje er sjølvsgagt for denne gruppa, også har vi fleire gongar der vi mellom anna går gjennom deira rettar som menneske (Informant 1).

3.2 Kunnskap om seksualitet, vald og overgrep

Informantane fortalte om viktigheita av å gi informasjon på eit tilpassa nivå. Begge informantane opplevde deltakarane sitt kunnskapsnivå rundt seksualitet som lågt. Informant 2 sa at deltakarane sjølv fortalte at seksualundervisning var noko dei aldri hadde fått.

Nei, eg tenkjer dei går glipp av so mykje. For no får jo, sei eit normalt fungerande born lærar om seksualitet og forplantning allereie i barnehagen. Medan menneske med utviklingshemming vert gjerne tekne ut av seksualundervisninga for å få ei anna undervisning på eit eige rom, dei er ikkje med på dette. Det tenkjer eg vi må få ein slutt på (Informant 1).

Informant 1 meinte at manglande på kunnskap om seksualitet kan vere ein konsekvens av at personar med utviklingshemming ofte ikkje deltek i ordinær undervisning. Og la til at dette ofte skuldast særskilde behov som medfører tilrettelagt undervisning, noko som kan føre til at dei ikkje har fått med seg den same informasjonen som jamaldringar. Sjølv om VIP-programmet i si heilheit ikkje rettar

seg direkte mot seksualundervisning, gir det deltakarane kunnskap om faktorar ein må vere bevisst på når det kjem til intime forhold, i følge informant 1. Under kurset tek dei opp tematikk som rettar seg mot å sette grenser, eigarskap over sin eigen kropp, og at ein har lov til å seie nei i situasjonar der ein føler seg utilpass.

Eg trur ikkje dei hadde så mykje kunnskap før vi starta. Men at dei sitt inne med mykje kunnskap, men om dei klarar å formidle det er eg usikker på. Vi spurte dei jo om kva dei hadde lært mest om. Då går det mykje på grenser, at alle følelsar eg har er lov og eg har lov å seie nei (Informant 2).

Informant 2 meiner at mangelen på seksualundervisning kan ha samanheng med ytre faktorar. At dette er ei gruppe som utanfrå vert sett på som at dei ikkje har behov for denne typen opplæring, då andre menneske tenkjer at personar med utviklingshemming ikkje skal gå inn i seksuelle eller intime forhold. Og at ein ønsker å skåne denne gruppa, då dei kanskje ikkje forstår informasjonen. Informant 1 seier at mykje er gjort dersom ein normaliserer tematikken, og anerkjenner at alle har ein seksualitet. Vedkommande hadde deltakarar som var med på kurset for å lære seg å seie «nei» og «stopp». Dette lærte instruktørane deltakarane ved å sette opp skodespel og tilpasse det etter kognitivt funksjonsnivå. Informanten meiner det er svært viktig å lære tenestemottakar å bruke desse orda.

I følge informantane er fokuset i VIP-kurset retta mot førebygging. Det at denne gruppa vert tatt ut av ordinær undervisning og difor kan ha manglande kunnskap rundt seksualitet, kan føre til at ein har ei større sårbarheit for å bli utsett for seksuelle overgrep og krenkelsar, trur informantane. Resultata viser til at VIP-kurset gir deltakarane informasjon og eit språk for eigne grenser og eigen kropp, noko som kan vere førebyggjande for seksuelle overgrep. Informant 1 viser til eit konkret døme på kva effekt VIP-kurset hadde hatt for ein av deltakarane.

Det var ei som sa at no hadde ho vore på VIP-kurs og for første gong hadde ho klart å seie nei til sin tidligare kjæraste. Når han kom på besøk å banka på døra å ville inn, at nei eg har ikkje lyst å ha besøk av deg. So han hadde ikkje forgripe seg på henne denne gongen (Informant 1).

3.3 Førebygging

Ordet «verktøy» går igjen i begge intervjua. Dette handlar om deltakarane sitt utbytte. Informantane snakkar om å gi deltakarane eigne verktøy. Slik informantane forklarte

omgrepet, retta det seg mot korleis VIP-kurset kan bidra til førebygging av vald og overgrep gjennom opplæring. Deltakarane fekk fiktive situasjonar der dei øvde seg på korleis ein kan gå fram for å beskytte seg sjølv. Dersom ein til dømes vert utsett hendingar som kan medføre risiko, kan dei bruke kunnskapen, altså verktøya, som ei hjelp til sjølvhjelp. Informantane meiner VIP-kurset kan bidra til førebygging av vald og overgrep gjennom å lære deltakane om førebygging.

Etter 15 år i feltet fortel informant 1 at helsepersonell får verktøy og tilbod om kurs ofte. Medan dette er første gong ho opplever at tenestemottakarar får dette tilbodet.

Dette er første gong i heile mi karriere, eg har vore i dette feltet i 12-15 år no. Det er første gong eg opplev at vi no vel å gi eit kurs til tenestemottakarane vore, som skal gi dei eit verktøy og ikkje til dei tilsette (Informant 1).

Informant 2 forklarar vidare at mange av deltakarane aldri har vore på kurs før, men at VIP-kurset kan lære dei til dømes kva vald er og dermed vil dei kunne vere obs på det når dei møter det i røynda. Informant 1 la vekt på betydinga eit slikt kurs kan ha for denne gruppa med deltakarar.

Men konsekvensen av kurset er at det kan gi dei dei verktøya dei treng for å forhindre vald eller overgrep (Informant 1).

Begge informantane tok opp at VIP-kursa gav deltakarane moglegheit til å møte likesinna menneske med mange av dei same utfordringane. Det sosiale aspektet ved å gå på kurs der ein samhandlar med andre, viste informantane viktigheita av ein møteplass.

Dei møter personar som har eit hjelpebehov på lik linje som dei sjølv har. Og som har opplevd liknande ting eller noko i same gate. So eg tenkjer nok at den følelsen av å ikkje vere åleine, gjer noko med dei (Informant 1).

Informant 2 hadde inntrykk av at ungdommar med utviklingshemming ikkje hadde nokon møteplass for å dele erfaringar, slik andre ungdommar ofte har.

Så dei blir på et vis, ein del av samfunnet vårt, men litt av dei på utsida (Informant 2).

Informanten meinte dette kunne føre til at ein følar seg utanfor. Informantane opplevde at deltakarane hadde behov for ein møteplass med rom for læring og

sosialt samvær med likesinna. Dette er noko VIP-kurset kan tilby, ein stad å høyre til. Resultata viser at ved å gi deltakarane eigne verktøy og ein stad å høyre til, kan det by på endring i åtferd hjå tenestemottakarar. Tilbakemeldingane informant 1 hadde fått, tyda på dette.

Ja altså vi har jo opplevde historier, ikkje nødvendigvis frå mi gruppe, men frå andre VIP-kurs rundt i landet. Der ein høyrer om personar med tvangsvedtak og gjerne to til ein bemanning kjem inn i eit slikt kurs, so er det noko med eit slikt kurs som gjer at dei kan avslutte heile vedtaket. Det er ikkje behov for tvangsvedtak lenger, det er ikkje behov for to til ein bemanning fordi den personen har forstått kven den er. Har eit språk for det og kan utrykke seg på ein heilt annan måte (Informant 1).

Informant 2 opplever at tilbakemeldingane tilseier at deltakarane nytta den lærdomen dei har fått på VIP-kurset, då tilbakemeldingane frå personale i bufellesskap viser til dette. Informanten forstår at det kan vere utfordrande for personale at tenestemottakarane seier nei til tilsyn, men meiner det er eit godt utgangspunkt for andre utfordringar som kan oppstå. Då deltakarane har forstått at det er lov å seie nei og sette grenser for seg sjølv, og at dei har rett på privatliv. Dei har òg lært å stå opp for seg sjølv.

Så tilbakemeldingar har kome frå fleire også for nokre av disse budde jo i bufellesskap, at tilbakemeldingar at dei nesten seier litt nei til personalet og at dei ikkje får kome inn. Men det er jo også ei god erfaring å ta med seg tenkjer eg, fordi dei har jo lov til å seie nei (Informant 2).

4.0 Drøfting

Hittil har oppgåva teke føre seg teori, metode og relevant empiri frå resultata. I denne delen av oppgåva vil teorien bli sett i samanheng med empirien. Moglege samanhengar vert drøfta opp mot problemstillinga: «Korleis beskriv VIP-instruktørar kursdeltakarane sin kunnskap om vald og overgrep, deira sårbarheit for å bli utsett for slike handlingar og betydninga av førebyggingsprogrammet VIP?». Dei tre temaa frå resultatdelen vil òg bli nytta i denne delen av oppgåva.

4.1 Sårbarheitsfaktorar

Resultata for temaet sårbarheitsfaktorar viser til at behov for hjelp og støtte i kvardagen ikkje nødvendigvis gjer personar med utviklingshemming mindre sårbare for vald og overgrep. Resultata mine viser til at hjelpebehovet kan føre til at ein ikkje

vert like vant med å ta eigne val og vere sjølvstendig i kvardagen. Personar med utviklingshemming er ofte tenestemottakarar, noko som medfører at dei har tenesteytarar rundt seg, kor ofte vil variere utifrå behov (Grøvdal, 2013, s. 88). Ein skulle tru at dette minskar risikoen for vald og overgrep. Stobbe et al. (2021, s. 136) rettar blikket mot behovet for å ha andre rundt seg. Forskinga tek opp behovet som ein risikofaktor som kan ha ein samanheng med korleis slike relasjonar blir sjåande ut (Stobbe et al., 2021, s. 136). Relasjonen kan endre seg på grunn av rolla tenesteytaren eller til dømes familiemedlem har. Måten Olsen et al. (2020) beskriv eit slikt forhold på, kan det likne på eit forhold mellom mor og born. At tenesteytarar eller andre nærstående oppfører seg på ein måte som gjer at tenestemottakaren ikkje trur ein har noko ein skulle sagt. Dette kan føre til at det opplevast vanskelig å stå opp for seg sjølv og ta eigne val (Olsen et al., 2020, s. 63). Dersom dette er tilfelle, kan det føre til at andre utnyttar utfordringane tenestemottakarar kan ha med å stå opp for seg sjølv i truande situasjonar, noko som aukar risikoen for vald og overgrep (Dahl & Sørensen, 2020, s. 22).

Funn frå dybdeintervjua med informantane viser til at sårbarheit kan pregast av ytre faktorar. Og at personar med lett utviklingshemming er minst like sårbare som personar med andre grader av utviklingshemming. Dette er oppsiktsvekkande då personar med denne grada, har det høgaste kognitive funksjonsnivået av personar med utviklingshemming (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2016). Det er lett å tru at kognitivt funksjonsnivå er ein peikepinn for auka risikoutsettheit. At «sterkare» grad av utviklingshemming fører til auka sårbarheit for å oppleve vald og overgrep (Stobbe et al., 2021, s. 136). Artikkelen til Stobbe et al. (2021, s. 136) viser til fleirtalet av personar med utviklingshemming har lett grad, med heile 85% er dei i overtal (Stobbe et al., 2021, s. 136). Personar med lett grad av utviklingshemming er ofte høgt fungerande og sosiale menneske (NAKU, 2021). Det at dei ofte har eit større sosialt nettverk enn andre med utviklingshemming, kan gjere risikoen for å oppleve vald og overgrep høgare (Stobbe et al., 2021, s. 135). Med tanke på det store omfanget av menneske ein då kan møte, kan det tenkjast at det er ei reell moglegheit for at desse personane òg kan møte delar av befolkninga som ikkje berre har gode intensjonar. Andre som ikkje er like deltakande vil kanskje ikkje ha like stor sjans for å møte dei med dårlege intensjonar (Dahl & Sørensen, 2020, s. 23).

I resultatene frå intervjuet vert òg relasjonen til overgripar teke opp. Resultatene tydar på at overgriparen ofte står nær den utsette. Dette er noko Grøvdal (2013) også tek opp i sin rapport. Ofte når ein snakkar om «vald i nære relasjonar», tenkjer ein på kjærasteforhold (Grøvdal, 2013, s. 7). Andre delar av befolkninga som er utsett for vald, møter ofte valden i eit romantisk forhold. Som nemnt innleiingsvis er dette noko mange menneske med utviklingshemming ynskjer, men fåtalet har kjæraste (Grøvdal, 2013, s. 10). Desse personane bur ofte i bufellesskap. Nærpersonane deira kan vere andre som bur i bufellesskapet, personar som jobbar i bufellesskapet, næraste pårørande eller andre dei er i kontakt med (Grøvdal, 2013, s. 7).

4.2 Kunnskap om seksualitet, vald og overgrep

Resultatene frå temaet kunnskap om seksualitet, vald og overgrep, tyder på at deltakarane sin kunnskap rundt seksualitet er låg, slik informantane beskriv det. Intervjuobjekta i artikkelen «Sexuality issues and the voices of adults with intellectual disabilities» (2018, s. 128) bekreftar at dette er eit tema dei sjølv opplev å ha lite informasjon om. Forskinga til Brown & McCann (2018) viser at dei fleste intervjuobjekta hadde fått lite undervisning om seksualitet, og at mange av dei hadde ikkje fått seksualundervisning i det heile teke (Brown & McCann, 2018, s. 128). Dette handlar ikkje berre om mangel på seksualundervisning. Det handlar om inkludering og tilrettelegging. Som born og unge lærer ein av kvarandre, spesielt når det kjem til sosialisering. Dersom personar med utviklingshemming ikkje kan sjå korleis andre på same alder oppfør seg, er det ikkje enkelt å vite kva som er akseptabelt for ein på din alder i samfunnet (Olsen et al., 2020, s. 33). Mange med utviklingshemming får spesialundervisning, kva denne undervisninga tek føre seg er ulikt etter behov (Olsen et al., 2020, s. 31). Informant 1 meiner vi må få ein slutt på at personar med utviklingshemming vert tekne ut av ordinærundervisning og at dette kan vere grunnen til at dei manglar kunnskap om seksualitet. Med utgangspunkt i det Olsen et al. (2020) skriv, kan det tyde på at han er dels einig med informanten, men det viktigaste er at ein får gitt informasjonen på ein måte som er forståelig for den det gjeld. Det vil seie at informasjon må tilpassast (Olsen et al., 2020, s. 32). Mine resultat frå intervjuet viser at denne gruppa ofte skånast, i staden for at det vert tilrettelagt ut frå kognitivt funksjonsnivå.

Resultata frå intervju viser til at det er eit tabubelagt tema. Og at mange meiner at å innleie intime forhold eller utvikle sin seksualitet ikkje er relevant for denne gruppa. Dersom personar med utviklingshemming skal tileigne seg kunnskap om seksualitet og dei ikkje har fått kunnskapen gjennom seksualundervisning på skulen, må informasjonen kome frå ein annan stad. Dermed har det mykje å seie kva tenesteytarar og familiemedlem tenkjer om å snakke om dette temaet (Eknes, 2000, s. 320). Kor vidt ein har tileigna seg kunnskap om dette, kjem altså an på kor mange som er villig til å snakke med personen om det (Eknes, 2000, s. 321).

